

LESE/SKRIVE - PROSJEKT:

LAGE KLASSEAVIS

Klasse/gruppe: 3. og 4.klasse	Periode/ omfang i tid: 3 veker	Tema/Fag: Norsk/ Samf.fag/ K&H	Kjelder/bøker/digitale hjelpemiddel/o.l. Salto 4A lesebok - stoff om klasseavis. Lesing av lokalavis (Vestlandsnytt) Lesing i papiravisa Framtida Junior
Organisering: Arbeid med ulike tema i grupper: -reklamer -intervju -Vardevegen -Faktastoff om skulen	Arbeidsmåtar: *Samtalar *Bruke Book *Creator til å lage sidene i avisa.	Skildring av arbeidsmåtar: Jobbe parvis med avisstoff: *Reklamer *fakta om Larsnes Skule *Nyhende i bygda *Idretts aktivitetar *Intervju	Lurt å hugse på: Diskutere i fellesskap: *Skal avisa koste noko slik vi får litt inntekt? *Kva skal avisa heite? (stemme over forslag) *Kvar skal vi selje den?
Evalueringsinformasjon Evalueringsinformasjon (Kva fungerte godt-mindre godt/ rom for differensiering/tilrettelegging/inkludering/arbeid som må gjerast i forkant) Alle ville intervju besteforeldre. Derfor vart det for dei fleste ei heimelekse. 3 elevar i klassen var på aldersheimen og intervju ei oldemor. Alle ville også lage reklame. Etter kvart som stoffet var ferdig, evaluerte vi ved å sjå det på skjerm slik at det vart rom for innspel. Elevane jobba ivrig med stoff heile vegen. Dei var svært fornøgde med resultatet. Vi tente ca. 800,- på salet. Klassen fekk ei stor fruktkorg i premie frå Joker Larsnes fordi dei hadde med fin reklame for butikken i avisa si!			



KLASSEAVISA 3/4

Kr.15,-



Her er 3.og 4.klasse på Larsnes Skule. Vi er 12 elevar, 5 gutar og 7 jenter. Vi er glade i å leike ute, mange er glade i å synge og danse, mange likar å sparke fotball og turne. På skulen leikar vi mykje forskjellig. Dette er første gongen vi lagar ei klasseavis.



I denne avisa kan du lese:

Litt om kva som skjer på Larsnes:

Du kan lese om Vardevegen

Om Larsnes som ferieplass

Litt om skulen vår og om turn

Intervju med besteforeldre og oldeforeldre

Elev og lærar-intervju

Om Martin på Bøen Gard

Ein gut som selger hummar 🦋

Kule reklamer



Dette er eit fint bilde av
Landsbystranda på Larsnes